

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2014	Radøy kommunale klagenemnd	PS	25.11.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	14/160	14/12132

### Utsleppssak Gbnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløve - klagehandsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket i sak 083/13 av 11.01.2013 vert stadfesta. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 34(2) jf. Lokal forskrift for Radøy kommune om utslepp frå mindre avlaupsanlegg §§ 7 og 11(2)b.

Saksopplysingar:

#### Mynde

Kommunen er forureiningsstyresmakt på kommunalt nivå, jf. forureiningslova § 81 c. Vedtaksmynde er delegert frå kommunestyret i Radøy kommune til rådmannen, jf. kommunelova § 6 og § 23 nr. 4. Klageorgan for vedtak etter forureiningsforskrifta kap. 12 er etter forureiningslova § 85(2) jf. forureiningsforskrifta § 12-15 kommunal klagenemnd i Radøy kommune.

Rådmannen har som ledd i saksførebuinga av klagesaka vurdert omgjerding etter forvaltningslova § 33(2).

#### Vedtaket det vert klaga over

Radøy kommunen sitt vedtak i sak 08/13 av 11.01.13 er påklaga:

**«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for utslepp frå minireinseanlegg reinseklasse A på følgjande vilkår:**

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar

*med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.*

*2. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av septikbil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til septikbil (ikkje overstig 8 meter).*

*3. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.*

*4. Alt arbeid skal følgje føresegne gjeve i eller i medhald av forureiningslova og planog bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.*

*5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.»*

Vedtaka etter plan- og bygningslova er ikkje påklaga. Det er i sak 09/13 av 11.01.13 og i sak 085/13 av 15.03.2013 godkjent tiltak og ansvarsrettar. Det ligg føre ferdigattest i sak 219/14 av 13.10.14.

### **Klagerett**

Klagar er Vidar Marøy. Vidar Marøy er eigar av gnr. 23 bnr. 17 og såleis grunneigar i området. Fylkesmannen i Hordaland har i vedtak av 23.06.14 lag til grunn at Vidar Marøy har klagerett, jf. forvaltningslova § 28.

Vidar Marøy er i klagesaka representert av Advokatfirmaet Torkildsen & Co v/advokat Nina Kibsgaard.

### **Klagefrist**

Klagefristen er tre veker etter forvaltningslova § 28. Vedtaksdato er 11.01.13. Klaga er motteke 05.09.13. Kommunen avviste klaga i vedtak av 09.12.13 med heimel i forvaltningslova § 28, jf. § 29 og 31b. Fylkesmannen i Hordaland har i vedtak av 23.06.14 lag til grunn at klaga er motteke rettidig og at klagesaka skal realitetshandsama, jf. forvaltningslova § 34 jf. § 31.

### **Klagegrunnar**

Klage av 05.09.13 er grunngjeven som følgjer:

- Søknaden er ikkje nabovarsla til gnr. 23 bnr. 17.
- Avlaupet frå minireinseanlegget går over eigedomen gnr. 23 bnr. 17.
- Eigar av gnr. 23 bnr. 7 har ikkje gjeve samtykke til å føre avlaup over denne eigedomen.
- Grøft på gnr. 23 bnr. 17 har ikkje kapasitet til å ta i mot avlaupsvatnet.
  - Klager har i klagesaka lagt fram kart/teikning som viser grøfta, og bilete som viser overvassproblematikk i område.

Klaga gjeld både innhaldet i vedtaket og sakshandsaminga, og klagar meiner at det er grunn

til å rekne med at feil i sakshandsaminga har verka inn på vedtak i saka.

Advokatfirmaet Torkildsen & Co v/advokat Nina Kibsgaard har den 30.01.14 utdjupa klagegrunnane.

## Rettsleg grunnlag

Radøy kommune har med heimel i forureiningsforskrifta § 12-6 vedtatt **Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune** (lokal forskrift) som gjeld føre føresegner i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13. Forskrifta trådte i kraft 01.09.10.

Det følgjer av lokal forskrift § 4(8) at «*Kommunen avgjer om utsleppsløyvet skal gjevast eller avslåast, i tråd med forureiningsforskriften § 12-5.*».

Lokal forskrift § 4(6):

*«Ved plassering av heile eller delar av avlaupsanlegget på andre sin eigedom, må erklæring om rett til å leggja, fornya og vedlikehalda anlegget vedleggast søknaden. Denne må tinglysast etter at løyvet er gjeve og før arbeidet vert sett i gang.»*

Lokal forskrift § 7 Reinsekrav:

Kommune	Område	Reinseklasse
Radøy	Vassdrag, ferskvatn, tjørn, bekkar og lukka grøfter (minireinseanlegg)	A

Lokal forskrift § 11 Utsleppsstad:

*«Utsleppsstad for avlaupsvatn frå reinseanlegg (reinseklasse a eller a+) skal lokalisrast slik at:*

*(...)*

*b) utslepp i tett leidning til elv/bekk/kanal/grøft skal berre skjer til resipient med årsikker vassføring, jf. § 3 i Vannressurslova, eller til leidning for jordbruksdrenasje dersom den munnar ut i resipient med årsikker vassføring.*

*Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.*

*Utsleppsstad for avlaupsvatn frå reinseanlegg skal lokalisrast og utformast slik at verknadane av utsleppet på resipienten og inngrep i naturen vert minst mogeleg, og konflikt med andre interesser vert unngått. Drikkevatt må ikkje forureinast. Elvar og bekker som tek i mot reinsa avløpsvatn, skal ha årsikker vassføring. Infiltrasjon i grunnen vert det ikkje gjeve løyve til.»*

Klaga skal handsamast etter reglane om klage over enkeltvedtak i forvaltningslova kap. VI, jf. forureiningslova § 85.

## Nabovarsel


Klage over sakshandsaminga er grunngeven i at eigar av gnr. 23 bnr. 17 ikkje er varsla om søknad om utsløppsløyve.

Det følgjer av forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2 at «*Parter og andre som kan bli særlig berørt av saken*» skal varslast om innhaldet i søknaden.

Eigar av gnr. 23 bnr. 18 (nabo i vest) og gnr. 23 bnr. 5, 36 (nabo i aust) er varsla. I sør grensar eigedomen mot gnr. 23 bnr. 84 som er fylkesveg, og i nord grensar eigedomen til sjø. Klagar sin eigedom gnr. 23 bnr. 17 har ikkje felles grense med *den aktuelle parsellen* av gnr. 23 bnr. 7.

Gnr. 23 bnr. 17 grensar heller ikkje til fylkesvegen og er etter rådmannen sin vurdering ikkje tverrbuar til den aktuelle parsellen av gnr. 23 bnr. 7.

Klagar sin eigedomen gnr. 23 bnr. 17 grensar til *ein annan parsell* av gnr. 23 bnr. 7 som ligg på sørsida av fylkesvegen. Eigedomen gnr. 23 bnr. 7 har, som dei fleste gardsbruk på Radøy, parsellar spreidd over eit store geografisk område. Nabolister for nabovarsling tek utgangspunkt i den parsellen der *tiltaket faktisk er plassert*. Om tiltakshavar skulle verte pålagt å varsle naboar og tverrbuarar til ein kvar parsell av store gardseigedomar vil det ikkje vere tenleg i høve det formål nabovarsling skal i vareta.



Fylkesmannen i Hordland har i vedtak av 23.06.14, som gjeld avvisning etter forvaltningslova, lagt til grunn at klagar er nabo. Grunngevinga er at gnr. 23 bnr. 17 grensar til ein annan parsell av gnr. 23 bnr. 7. Rådmannen er ikkje samd med Fylkesmannen i denne vurderinga.

Rådmannen har heller ikkje funnet at klagar er «*særleg berør av saken*». I omgrepet «*særleg*» ligg at klagar må verte råka i større grand enn andre.

Avstand frå minireinseanlegget til eigedomsgrense for klagar sin eigedom er meir enn 100 meter.

Grøfta som er nytta som resipient går over eit stort tal eigedomar og vatnet vil til slutt ende i sjø. Om ein legg til grunn at alle desse eigedomene vert «*særleg berør*» av avlaupsanlegget vil ein ved ein kvar søknad om avlaupsanlegg måtte varsle ein kvar eigedom frå tiltakseigedom og fram til sjø. Det har ikkje vore intensjonen bak forureiningsforskrifta § 12-4.

Det har vore rådmannen sin vurdering at varsling har skjedd i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2 og at det ikkje heftar sakshandsamingsfeil ved vedtaket.


For det tilfelle at ein skulle leggje til grunn at eigar av gnr. 23 bnr. 17 er nabo og skulle vore varsla etter forureiningslova § 12-4 nr. 2 har det likevel vore rådmannen sin vurdering at det ikkje er grunn til å rekne med at dette «*kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold*» og vedtaket vil då likevel vere gyldig, jf. forvaltningslova § 41.

### **Plassering av reinseanlegget og privatrettslege rettar**

Klagen er vidare grunngeven i at avlaupsanlegget er plassert på klagar sin eigedom, gnr. 23 bnr. 17, og at klagar ikkje har gjeve samtykke.

Det følgjer av lokal forskrift § 4(6) at «*Ved plassering av heile eller delar av avlaupsanlegget på andre sin eigedom, må erklæring om rett til å leggja, fornya og vedlikehalda anlegget vedleggast søknaden.*»

Avlaupsanlegget på gnr. 23 bnr. 7 er *i sin heilskap* plassert på tiltakshavar sin eiga eigedom. Sjølvve reinsanlegget er plassert på tiltakshavar sin eigedom og restutslepp skjer til kistegrøft på tiltakshavar sin eigedom.



Klagar viser til at kistegrøfta på gnr. 23 bnr. 7 går vidare i grøft over gnr. 23 bnr. 17. Grøfta går også vidare over gnr. 23 bnr. 36, gnr. 23 bnr. 84, gnr. 23 bnr. 5, gnr. 23 bnr. 88, gnr. 23 bnr. 10 og vidare.

Kistegrøfta er *ein resipient* og ikkje ein del av avlaupsanlegget.

Når sjølve anlegget i sin heilskap er plassert på tiltakshavar sin eigedom får lokal forskrift § 4(6) ikkje verknad, og godkjenning av anlegget vil ikkje krevje samtykke frå andre.

Det har vore rådmannen sin vurdering at det ikkje er ein sakshandsamingsfeil at det ikkje er henta inn samtykke frå eigar av gnr. 23 bnr. 17.

### **Utsleppsstad og resipientvurdering**

Klaga er vidare grunngeven i at resipienten (grøfta) ikkje har kapasitet til å ta i mot avlaupsvatnet frå avlaupsanlegget.

Det følgjer av lokal forskrift § 11(2) b at utslepp til eksisterande grøft er ein lovleg løysing på vilkår om at det er ei grøft «*med årsikker vassføring*».

Årsikker vassføring er i vassresurslova § 3 definert som «*vannføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikke tørker ut av naturlige årsaker oftere enn hvert tiende år i gjennomsnitt.*»

Det er ikkje omtvista at den aktuelle grøfta har årsikker vassføring.

Klagar sin anførsle om at grøfta ikkje har kapasitet til å ta imot avlaupsvatnet synast basert på klagar sine observasjonar av overvassproblem i området ved større nedbørmengder, jf. klage av 05.09.13:

*«Grøftene på bnr 17 sin eigedom har problem med at regnvann fløymer over markene ved store nedbørsmengder.»*

Advokat Kibsgaard har anført at det er *bevist* at grøfta ikkje kan ta unna utslepp frå anlegget. Bileta som advokat Kibsgaard legg til grunn viser ein dam på ei mark. Det er ut i frå bileta ikkje mogleg å fastslå kvar bileta er i frå, kvar vatnet kjem i frå, kva vatnet inneheld eller nedbørsmengda som har vore i forkant. Samtidig er det i klaga opplyst at overflatevatn frå bnr. 5 *«samles (...) på same sted»*.

Det er rådmannen sin vurdering at bileta ikkje kan leggjast til grunn som dokumentasjon for at den aktuelle resipienten ikkje kan godkjennast som utsleppsstad. Kommunen har ikkje dokumentasjon i sitt arkiv som tilseier at grøfta tidlegare har vore vurdert som ikkje tilfredsstillande. Det er heller ikkje dokumentert forureining i området. Miljøretta Helsevern v/ Grethe Elin Mjelde var på synfaring i området 31.01.14 og skriv i e-post av 18.02.14 at *«Det var ikkje synleg teikn på forureining i området (...)*.

Sakshandsaminga vil verte vilkårleg om kommunen legg til grunn udokumenterte opplysningar frå privatperson når kommunen skal ta stilling til ein søknad om utsleppsløyve.

Klagar har vist til luktproblematikk knytt til avlaupsanlegg på gnr. 23 bnr. 26. Saka på gnr. 23 bnr. 26 gjaldt minireinseanlegg med tett leidning til sjø, der sjøleidninga hadde vorte skada og avlaupet rann fritt på bakken i strandsona. Rådmannen kan ikkje sjå at saka på gnr. 23 bnr. 26 er relevant for klagesaka der avlaupet går i lukka grøft.

Klagar har vist til lokal forskrift § 11(2) b om at *«Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve»*. Vilåret i lokal forskrift § 11(2)b er knytt til *«anlegget og leidningar»*. Grøta er ikkje ein del av anlegget, jf. ovanfor, og er ikkje omfatta av vilåret i § 11(2)b.

Advokat Kibsgaard har vist til lokal forskrift § 5(3) *«Ved val av resipient (utsleppsstad) skal ein leggje vekt på resipientens kapasitet, økologi og brukerinteresser og til ein kvar tid ny kunnskap om området og saksfeltet»*. Lokal forskrift § 5(3) gjeld i forbodssona etter resipientkartet, jf. § 5(2). Marøy ligg ikkje i forbodssona og § 5(3) gjeld ikkje.

Anlegget har høg reinsegrad, og liten forureinande evne. Rådmannen har lagt til grunn at utsleppet frå eit minireinseanlegget, knytt til eit bygg som vert nytta som fritidsbustad, er sporadisk og i volum svært lite. Avlaupsanlegget sitt bidrag i eventuelle overvassproblematikk i området er minimalt.

Eventuell ureining som følgje av overvassproblematikk må følgjast opp gjennom tilsyn og pålegg etter forureiningslova, og ikkje som klagesak som gjeld eit konkret avlaupsanlegg.

Det er rådmannen sin vurdering at det er lagt til grunn riktig fakta i saka, og at søknad om utsleppsløyve stettar dei krav som følgjer av lokal forskrift §§ 7 og 11(2)b for å kunne godkjennast.

## **Radøy kommunale klagenemnd - 001/2014**

### **RKK - handsaming:**

Leiar for teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland gav kommunal klagenemnda ei orientering. Saka har to løp, eit prosessuelt og eit materielt. Radøy kommune avviste i utgangspunktet klaga med grunngjeving i at klagar ikkje var part i saka og at det ikkje var grunnlag for oppreising for at klaga kom inn 8 månader etter klagefristen. Klagar har klaga på avvisningsvedtaket. Fylkesmannen i Hordaland gav klagar medhald i avvisningssaka, og ba kommunen realitetshandsama klagen. Nepstad Epland viste til at saka som er lagt fram for kommunal klagenemnd er klage over sjølve utsleppsløyve og klagenemnda må ta stilling til om vedtak om utsleppsløyve må opphevast.

Etter ei drøfting i klagenemnda vedtok klagenemnda samrøystes rådmannen sitt framlegg.

### **RKK - vedtak:**

Vedtak i sak 083/13 av 11.01.2013 vert stadfesta. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 34(2) jf. Lokal forskrift for Radøy kommune om utslepp frå mindre avlaupsanlegg §§ 7 og 11(2)b.

### **Vedlegg:**

Utleppssak Gbnr 23/7 Marøy - utsleppsløyve - klage på vedtak

Kart

Kart

Bilde

Bilde

Gnr 237 Marøy - Vedrørande søknad om utsleppsløyve (L)(185302)

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - svar på e-post (L)(184759)

Gnr 237 Marøy - Klage på utsleppsløyve (L)(185301)

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - godkjenning (L)(164602)

Byggesak Radøy - Gnr 23 bnr 7 Marøy - klagesak - avvisningsvedtak

Oppheving av klagesak - Byggesak - Radøy - Gnr 23 bnr 7 - Marøy - Avvisningsvedtak